

Sandøy kommune

Møteprotokoll

Utval: Eldres råd
Møtestad: Kommunestyresalen, Sandøy rådhus
Dato: 10.05.2011
Tid: 13:00

Desse møtte
Oddbjørg Friis - leiar

Eldar Harnes
Nils E. Huse
Erna Marøy

Forfall

Varamedlemmar som møtte:	Møtte for	Representerer
--------------------------	-----------	---------------

Frå administrasjonen møtte:	Stilling
Jorunn Skjelten	sekretær for Eldres råd

<i>Nils Huse</i>	<i>Eldar Harnes</i>
<i>Oddbjørg Friis</i>	<i>Erna Marøy</i>

Saksnr

Innhold

PS 11/1

Sandøy kommune si årsmelding 2010

PS 11/1 Sandøy kommune si årsmelding 2010

Framlegg til vedtak:

Eldres råd tek Sandøy kommune si årsmelding 2010 til vitande

Saksprotokoll i Eldres råd - 10.05.2011

Behandling:

Einingsleiar for helse- og omsorgstenester, Ann Kristin Røyset, var tilstades med nyttig informasjon og gav oppklarande svar på ulike spørsmål.

Eldres råd ønskjer meir innsyn i framdrifta av Samhandlingsreforma, utbygging av Sandøyheimen og oppretting av nye stillingar i samband med dette.

Når det gjeld tiltak som har blitt utsett, ser Eldres råd det som svært positivt at tilordninga av området ved Myklebust ferjekai, gjennomføring av turstiarbeidet og ryddinga rundt Sandøyhagen vert gjennomført i 2011.

Når det gjeld vaksenopplæringa så ser Eldres råd det som viktig at det blir arrangert kurs i dataopplæring, foto, ulike språk og Bilfører 65+.

Eldres råd vurderer årsmeldinga for 2010 som opplysende og lettlest, og som så vidt vi kan sjå, viser ei veldreva kommune med budsjettdisiplin og innsatsvilje i alle ledd.

Overskotet på kr.6.920.150 , - var gledeleg sett på bakgrunn av dei dårlege økonomiske framtidsutsiktene dei første åra framover.

Vi ønskjer politikarar, administrasjon og tilsette lukke til vidare –

Vedtak:

Eldres råd tek Sandøy kommune si årsmelding 2010 til vitande.